



VÅGÅ
KOMMUNE



ØKONOMIPLAN 2018-2021

RÅDMANNENS FORSLAG

Innhald

| | | |
|---------|--|----|
| 1.0 | INNLEIING | 5 |
| 2.0 | Samandrag av økonomiske nøkkeltal..... | 8 |
| 2.0.1 | Budsjettskjema 1A og 1B..... | 8 |
| 2.1 | Frie inntekter | 9 |
| 2.2 | Netto driftsramme blir fordelt slik i økonomiplanperioden:..... | 9 |
| 2.3 | Investeringar..... | 10 |
| 2.3.1 | Budsjettskjema 2A og 2B..... | 10 |
| 2.3.2 | Investeringar i økonomiplanperioden..... | 11 |
| 2.3.2.1 | Kommentar til investeringsbudsjettet | 11 |
| 2.4 | Finansiering av investeringane | 15 |
| 2.5 | Eigedomskatt..... | 15 |
| 2.6 | Nærings- og landbruksfond | 15 |
| 3.0 | STATUS..... | 16 |
| 3.1 | Økonomi | 16 |
| 3.1.1 | Handlingsregler for Vågå kommune..... | 16 |
| 3.1.2 | Oversikt over netto driftsresultat og netto driftsresultat korrigert for premieavvik og bundne fond: | 16 |
| 3.1.4 | Lånegjeld | 16 |
| 3.1.5 | Rekneskapsføring av pensjon | 17 |
| 3.1.8 | Utvikling av lånegjeld | 18 |
| 3.1.9 | Demografi..... | 18 |
| 3.1.10 | Helsetilstanden i befolkninga | 19 |
| 3.1.11 | Likestilling | 19 |
| 3.1.12 | Integrering | 20 |
| 3.1.13 | Beredskap..... | 20 |
| 4.0 | PLANOPPGÅVER I ØKONOMIPLANPERIODEN | 20 |
| 5.0 | KONSEKVENSAK KNYTT TIL ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLANPERIODEN | 21 |
| 5.1 | Innsparingstiltak | 21 |
| 5.1.2 | Kommentarar til innsparingstiltak:..... | 21 |
| 5.2 | Tiltak som aukar driftsutgiftene | 23 |
| 5.2.1 | Kommentarar til tiltak som aukar driftsutgifter | 23 |
| 6.0 | Mål..... | 24 |
| 6.1 | Hovudutfordringar i økonomiplanperioden..... | 24 |
| 6.1.1 | Skape forståing for at aktiviteten i tenesteytinga er tilpassa budsjetttramma..... | 24 |

| | |
|---|----|
| 6.1.2 Netto driftsresultat–auka handlefridom | 24 |
| 6.1.3 Vidareføring av omstillinga innan helse og omsorg | 25 |
| 6.1.4 Forbetre integreringsarbeidet av busette flyktningar..... | 26 |
| 6.1.5 Sikre fokus på førebyggjande arbeid gjennom samarbeid på tvers av faggrensar | 26 |
| 6.1.6 Leggje til rette for positiv samfunnsutvikling/stabilisere folketalet..... | 26 |
| 6.1.7 Leggje til rette for friviljug innsats som supplement til det offentlege hjelpeapparatet..... | 27 |
| 6.1.8 Gje tydeleg og rett informasjon ut til kommunen sine innbyggjarar..... | 27 |
| 6.1.9 Regionalt samarbeid..... | 27 |
| 6.1.10 Fokus på nærværarbeid..... | 27 |
| 6.1.11 Rekruttere og behalde kompetanse..... | 28 |
| 7. Resultat og kvalitetsmål | 28 |
| 7.1 Måleområde | 29 |
| 7.2 Overordna styringskart for tenestestadane..... | 29 |
| 7.2.1 Sentraladministrasjonen | 29 |
| 7.2.2 Fellestenester | 30 |
| 7.2.3 Barnehage..... | 30 |
| 7.2.4 Grunnskule | 31 |
| 7.2.5 Kultur | 31 |
| 7.2.6 Helsetenester | 32 |
| 7.2.7 Tenester for funksjonshemma (TFFH)..... | 32 |
| 7.2.8 Heimetenesta | 33 |
| 7.2.9 Vågåheimen..... | 33 |
| 7.2.10 NAV..... | 33 |
| 7.2.11 Tekniske Tenester..... | 35 |
| 7.2.12 Landbrukskontoret | 35 |
| 7.2.13 Skatteoppkrevjar | 35 |
| 8.0 KORLEIS SKAL VI NÅ MÅLA? | 36 |
| 8.1 Gjennomføring av brukar- og medarbeidarundersøkingar | 36 |
| 9.0 RESSURSBRUK..... | 36 |
| 9.1 Prioritering..... | 36 |
| 9.2 Dekningsgrad..... | 38 |
| 9.3 Produktivitet..... | 39 |
| 10.0 Taldelen | 40 |
| 10.1 Budsjettskjema 1A og 1B–Drift | 40 |
| 10.2 Budsjettskjema 2A og 2B..... | 41 |
| 10.3 Hovudoversikt | 42 |

| | |
|---|----|
| 10.4 Rame stab-støtte | 43 |
| 10.5 Rame helse og omsorg | 44 |
| 10.6 Rame oppvekst, kultur og NAV..... | 45 |
| 10.7 Rame teknisk, landbruk mv. | 46 |
| 10.8 Rame interkommunale samarbeid..... | 47 |
| 10.9 Rame frie inntekter | 48 |
| 10.10 Rame finans | 49 |
| 10.11 Rame investering..... | 50 |

ØKONOMIPLAN 2018 – 2021

1.0 INNLEIING

Administrasjonen sitt framlegg til økonomiplan bygger på malen som vart gjort i 2016. Vi ønskjer å leggje større vekt på dei økonomiske dimensjonane, leggje inn målekart for kvar tenestestad og vise ei samanliknande Kostra-framstilling. Målsettinga er å gje lesarane ei god oversikt over situasjonen med moglegheiter og utfordringar, samt tydelege mål for arbeidet som skal gjerast i kommunen vår.

Kommunestyret skal ein gong i året vedta ei rullering av økonomiplan. Den skal omfatte minst dei fire neste budsjettåra. Økonomiplanen skal omfatte heile kommunen si verksemd. Det er eit krav at årsbudsjettet skal vere i balanse. Den skal gje ei realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i økonomiplanperioden. Kommunestyret skal innan årsskifte vedta eit budsjett for komande kalenderår. I tillegg til drift i eigen regi, inkluderer Vågå kommune sitt budsjett og utgifter til drift som skjer i regi av andre. Dette gjeld interkommunalt samarbeid etter § 27 i kommuneloven og anna interkommunalt samarbeid.

Fyrste året i økonomiplanen er årsbudsjett for 2018. Økonomiplanen blir revidert i tråd med dei føresetnader og vedtak som er gjort. Åra 2019–2021 blir justert i tråd med årsbudsjettet for 2018. Økonomiplanen er utarbeidd i faste 2018-kroner. Dette inneber at inntekter og/eller utgifter som er faste i planperioden, for eksempel avdrag på lån, sannsynleg vil ha mindre verdi i 2020 enn i 2017.

I Vågå har vi vald å behandle økonomiplanen og komande års budsjett samstundes.

Kommunen sin viktigaste oppgåve er levere gode tenester til sine innbyggjarar og legge til rette for berekraftig aktivitet som gjev vekst. Kva for tenester kommunen leverer blir bestemt i stor grad av nasjonale prioriteringar, men handlar og om lokale politiske prioriteringar. Kommunen si oppgåve blir å dimensjonere tenestetilbodet ut frå innbyggjarane sine behov og ut frå kommunen si til ein kvar tid økonomiske rame.

Kommuneøkonomien oppfattast generelt som stram, og nå særleg krevjande for Vågå kommune. Ein nullvekst gjennom rammetilskot gjer at vi får særleg store utfordringar for 2018 og i resten av planperioden. Rådmannen meiner at året som kjem må bli «omstillingane sitt år». Ein må sjå på organisering og drift av kommunen sitt tenestetilbod på mange område, og ikkje minst søkje samarbeid med våre nabokommunar der ein kan hente ut gevinstrealisering. Aktivitetane i kommunen må tilpassast dei inntektene vi har å rutte med. Slik som stoda er nå er desse ikkje i samsvar. Det betyr ein nødvendig aktivitetsreduksjon i årsverk. Arbeidet med å tilpasse seg vil bli krevjande og ein må sette av tid og ressursar i 2018 og 2019 til omstillingsarbeidet. Vi må og legge vekt på tiltak som gjev vekst og ønskjer å prøve ut at øyremerka stillingar som får særskilt ansvar for å skaffe nye inntekter til organisasjonen. Rådmannen har søkt å byggje budsjett 2018 og ø-plan 2018–2021 på ein profil som så langt som råd tek omsyn til direkte tenesteyting og tidlegare politiske vedtak.

Vågå kommune har ei relativ ny overordna organisering. Rådmannen rår til at det blir gjort ein ny gjennomgang av både overordna organisering og inndeling av tenesteområde basert på dei tilbakemeldingane som er gjeve frå organisasjonen og som tilpassing til framtida.

Tenesteområde kultur må i tillegg til helse og omsorg spesielt nemnast. Rådmannen meiner at områda i dag ikkje er optimalt organisert.

Vågå kommune fekk 1,6 millionar i skjønnskott for 2018. Dette er ein reduksjon på 3,2 millionar frå 2017 og gjer situasjonen for kommunen i 2018 enda vanskelegare.

Utbyte frå Eidefoss er lagt til 1,8 millionar i planperioden jfr, vedtak i kommunestyret (sak 83/16).

For inntekter knytt opp mot eigedomsskatt frå kraftverk har dette gjeve ein betydeleg reduksjon for Vågå kommune. Dei siste to åra har dette gjeve ein reduksjon i inntekter på kr 2,4 millionar.

Reduksjon av talet på innbyggjarar i Vågå er utfordrande. I budsjett og økonomiplan 2018–2021 er driftskostnadane i barnehage teke betydeleg ned, utan at det går utover kvaliteten på tilbodet.

Vågå kommune gjev gode tenester til innbyggjarane sine i dag, men det vil bli stadig meir krevjande i åra framover. Rådmannen er av den oppfatning at vi må framover må vere enda tydelegare på kommunen sine prioriteringar. Presset på kommuneøkonomien kjem ikkje til å minske i åra framover. Arbeidspresset på dei tilsette er stort og løysingar i framtida må vere å arbeide på måtar som gjev meir for pengane og sikre gevinstrealisering. Samarbeid i regionen om felles tenesteproduksjon og organisering må ha høg prioritering framover.

Vi har og fleire krevjande arbeidsområde internt i kommunen. Helse- og omsorgsprosjektet er det største. Utfordringar knytt opp mot stengt symjehall er ein annan og Galleri Ullinsvin må og nemnast. Det har vore arbeid intens med å realisere Galleriet gjennom året som er gått og må halde fram i heile planperioden. Vi har fått utarbeidd ein masterplan på området som tydeleggjer moglegheiter som kommunen har. Rådmannen ser på prosjektet som ein stor moglegheit til å utvikle heile Vågåsamfunnet.

Samla sett vil desse prosjekta medføre store investeringar og kan berre forsvarast ved at vi greier å skaffe ekstern finansiering, fordele om, og ta ned tenestekostnadane tilsvarande som finansutgiftene aukar. Om dette ikkje blir gjort blir handlingsrommet til kommunen betydeleg svekka i mange år framover. Det er viktig å ta med seg at den støtteordninga vi har i dag frå Husbanken med tanke på utbygging/rehabilitering av institusjonsplassar vil bli teke bort frå 2021. Etter dette må kommunane dekkje alle kostnader som ikkje gjev auke av netto plassar sjølv.

Omstillinga i helse og omsorg vil og krevje mykje ressursar i budsjettet for 2018 og i heile planperioden. Dette er nødvendig med bakgrunn i endring i befolkningsamansetting og nye oppgåver som følgje av samhandlingsreforma. Vi har starta ei retningsendring med dreining av ressursar frå institusjon til heimetenesta, og der vi i større grad skal drive helsefremjande og førebyggjande tiltak. Vidare vil ein del av omstillinga omhandle dimensjonering av tenester retta mot barn og unge. Tenester for funksjonshemma vil ha ein omfattande prosess med endring og omorganisering i budsjettåret 2018. Det kan bli nødvendig og knytte til seg eksterne samarbeidspartnarar til dette arbeidet også framover.

Årlege låneopptak som er større enn det som årlege låneavdrag, fører til at kommunen sine samla utgifter til renter og avdrag på lån aukar. Om vi ser bort frå eit mogleg utbyggingsprosjekt innan Helse- og Omsorg, bør Vågå investere mindre årleg enn det vi betaler i renter og avdrag.

Vågå kommune har liten økonomisk handlefridom. Slik situasjonen er nå, bør kvar ny utfordring løysast innanfor dei ramane vi har. Med så stramme økonomiske ramar som Vågå kommune har, vil ei omprioritering til nye oppgåver bety at noko av det vi gjer i dag reduserast eller avviklast.

Vi har lagt inn ei vurdering om barnehagestrukturen i økonomiplanperioden. Dette gjer vi for å halde på kvaliteten på tenestene i staden for å halde fast ved strukturar. Grunnskulestrukturen er ikkje omtala, men må vurderast når nedgang i barnetalet kjem inn i skulane. Rådmannen syner her til vedtak i kommunestyret om 1–10 skule i Vågå sak 58/17 møte 26.09.17.

Det er særst viktig å gjere alt vi kan for å halde innbyggjartalet i Vågå oppe. Det må vere eit klart prioritert mål for heile organisasjonen å stå fram som attraktive for nyetablerarar og tilflyttarar. Vidare er det viktig å hugse på at det aldri har vore så mange personar gjennomgåande i kommunen vår, enten i form av busette, deltidsbusette eller andre besøkjande. Vågå kommune er den kommunen i regionen som har størst auke innan nyetablering.

Rådmannen vil og streke under at ein offensiv mottakspolitikk av flyktningar og asylsøkjjarar er eit viktig tiltak for å halde folketalet oppe, samstundes som flyktningane og er ein viktig ressurs for lokalsamfunnet. Derfor er det gledeleg at Vågå kommune har fått tilsegn om mottak av flyktningar i 2018.

Trass i mindre overføringar frå staten leverer Vågå kommune gode tenester til sine innbyggjarar. Vi prøver å bli meir effektive og rasjonelle som organisasjon. Vågå kommune har høgt kompetente og positive tilsette som er motoren i organisasjonen.

Når dette er sagt, vil nødvendig reduksjon i tenesteytinga i budsjett 2018 og i økonomiplan 2018–2021 bli merkbar i heile organisasjonen Vågå kommune. Her må administrasjonen og politikarane ha felles forståing å gå i takt.

Vågå 5. 11. 2017

Jan- Egil Fossmo, konst. rådmann

2.0 Samandrag av økonomiske nøkkeltal

2.0.1 Budsjettskjema 1A og 1B

Kommunestyret skal ein gang i året vedta økonomiplan, jamfør kommuneloven §44. Kommunestyret skal sjølv vedta driftsbudsjettet sett opp i henhold til budsjettskjema 1A. Budsjettvedtaket skal gje ei nettoløyving pr. rameområde i driftsbudsjettet, også kalla budsjettskjema 1B. Rameområda er samansett av fleire tenesteområde.

| BUDSJETTSKJEMA 1A – DRIFT | 2018 |
|--|-----------------|
| Skatt på inntekt og formue | -78 058 |
| Ordinært rammetilskot | -144 422 |
| Skatt på eigedom | -13 953 |
| Andre direkte eller indir. skattar | -780 |
| Andre generelle statstilskot | -1 100 |
| Sum frie disponible inntekter | -238 313 |
| Renteinntekter og utbytte | -6 617 |
| Renteutgifter og andre finansutgifter | 7 436 |
| Avdrag på lån | 16 300 |
| Nto finansinnt./utg. | 17 119 |
| Til dekn av tidl. reknesk.m. meirforbruk | 0 |
| Til ubundne avsetningar | 100 |
| Til bundne avsetningar | 780 |
| Bruk av tidl. reknesk.m. mindreforbruk | 0 |
| Bruk av ubundne avsetningar | 0 |
| Bruk av bundne avsetningar | 0 |
| Overført til investeringsbudsjettet | 0 |
| Til fordeling drift | -220 314 |
| Sum fordelt til drift (frå skjema 1B) | 224 890 |

| BUDSJETTSKJEMA 1B – DRIFT | 2018 |
|--------------------------------------|----------------|
| Stab/støtte | 24 387 |
| Helse og omsorg | 86 317 |
| Oppvekst, kultur og NAV | 69 963 |
| Teknisk osb. | 28 407 |
| Interkommunale samarbeid | 15 816 |
| Sum fordelt til drift | 224 890 |
| Sum fordelt til drift, jf. skjema 1A | -220 314 |
| Differanse | 4 576 |

Differansen skuldast:

| | |
|--|---------------|
| Sal kon.skraft, ikkje i 1A og ikkje fordelt i 1B | -2 000 |
| Avskr. sjølvkost, ikkje i 1A og ikkje fordelt i 1B | -2 576 |
| Sum avviksforklaringar | -4 576 |

| | |
|--|----------|
| Differanse etter avviksforklaringar | 0 |
|--|----------|

2.1 Frie inntekter

| | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|-------------------------------|----------|----------|----------|----------|
| Sum frie disponible inntekter | -239 533 | -239 833 | -239 833 | -239 833 |

2.2 Netto driftsramme blir fordelt slik i økonomiplanperioden:

| | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|--------------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Stab/støtte | 24 387 | 24 680 | 24 533 | 24 671 |
| Fellestjenester | 6 724 | 6 724 | 6 724 | 6 724 |
| Næring | 1 484 | 1 484 | 1 484 | 1 484 |
| Sektoradministrasjon | 15 153 | 15 446 | 15 299 | 15 437 |
| Tildelingskontor | 1 026 | 1 026 | 1 026 | 1 026 |
| Helse og omsorg | 86 317 | 85 900 | 85 900 | 85 900 |
| Vågåheimen | 31 414 | 31 414 | 31 414 | 31 414 |
| Heimesjukepleia | 20 364 | 19 734 | 19 734 | 19 734 |
| Tenester for funksjonshemmede | 22 735 | 23 128 | 23 128 | 23 128 |
| Helsetjenester | 11 804 | 11 624 | 11 624 | 11 624 |
| Kultur, oppvekst og NAV | 69 963 | 68 281 | 68 281 | 68 161 |
| Barnehage | 11 417 | 10 335 | 10 335 | 10 335 |
| Barnehage og grunnskulens fellesskap | 8 796 | 8 496 | 8 496 | 8 496 |
| Lalm skule | 5 934 | 5 934 | 5 934 | 5 934 |
| Vågåmo skule | 18 320 | 18 020 | 18 020 | 17 170 |
| Vågå ungdomsskule | 15 445 | 15 445 | 15 445 | 15 445 |
| NAV | 3 558 | 3 558 | 3 558 | 3 558 |
| Kultur | 6 493 | 6 493 | 6 493 | 7 223 |
| Teknisk osv. | 28 407 | 28 302 | 28 302 | 28 302 |
| Landbrukskontor | 2 050 | 2 050 | 2 050 | 2 050 |
| Felles innkjøp | 263 | 263 | 263 | 263 |
| Skattekontor | 741 | 741 | 741 | 741 |
| Tekniske tenester | 25 353 | 25 248 | 25 248 | 25 248 |
| Interkommunale samarbeid | 15 816 | 16 016 | 16 016 | 16 016 |
| Finansutgifter | 14 643 | 16 654 | 16 801 | 16 783 |
| Sum netto driftsramme | 239 533 | 239 833 | 239 833 | 239 833 |

2.3 Investeringar

2.3.1 Budsjettskjema 2A og 2B

Kommunestyret skal sjølv vedta investeringsbudsjettet sett opp i tråd med budsjettskjema 2A.

Budsjettvedtaket skal gje ei bruttoløyving pr. rameområdet, også kalle budsjettskjema 2B.

Rameområda er samansett av fleire prosjekt, jamfør detaljert investeringsbudsjett.

| BUDSJETTSKJEMA 2A – INVESTERING | 2018 |
|--|----------------|
| Investeringar i anleggsmidlar | 27 750 |
| Utlån og forskoteringar | 3 000 |
| Avdrag på lån | 900 |
| Avsetningar | 0 |
| Årets finansieringsbehov | 31 650 |
| Finansiert slik: | |
| Bruk av lånemidlar | -25 815 |
| Inntekter frå sal av fast eigedom | -700 |
| Tilskot til investeringar | -660 |
| Mottekne avdrag på utlån og refusjonar | -900 |
| Andre inntekter | 0 |
| Sum ekstern finansiering | -28 075 |
| Overført frå driftsbudsjettet | -1 080 |
| Bruk av avsetningar | -2 495 |
| Sum finansiering | -31 650 |
| Udekt/udisponert | 0 |

| BUDSJETTSKJEMA 2B – INVESTERING | 2018 |
|--|---------------|
| Stab/støtte | 590 |
| Helse og omsorg | 1 150 |
| Oppvekst, kultur og NAV | 500 |
| Teknisk osb. | 24 430 |
| Sum fordelt til rammeomr. investeringar | 26 670 |
| Andre investeringsutgifter enn nybygg/nyanlegg (Startlån, EK-innskot KLP) | 4 980 |
| Sum brutto investeringsbudsjett | 31 650 |

2.3.2 Investeringar i økonomiplanperioden

| | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---------------|---------------|--------------|--------------|
| Rådmann | | | | |
| Regiondata | 590 | | | |
| Helse og omsorg | | | | |
| Bil – heimesjukepleia, utskifting av bil | 375 | | | |
| Bil – heimesjukepleia, ny bil (utviding av talet på bilar) | 375 | | | |
| Bil – psykisk helse, ny bil (5 seter) (har ikkje bil frå før) | 400 | | | |
| Oppvekst, kultur og NAV | | | | |
| IKT-investeringar grunnskule | 500 | – | | |
| Teknisk mm. | | | | |
| Prosjekt helse og omsorg (inkl. Moavegen og tiltak i bustadsosial plan) | 12 000 | | | |
| ENØK kulturhuset/Vågåhallen | | 2 000 | | |
| Kommunale vegar | 2 500 | 2 500 | | |
| Oppmålingsutstyr kart og oppmåling (30% (100') sjølvkost) | 330 | | | |
| Galleri Ullinsvin | 500 | | | |
| Tilbygg kommunale bustader Grindstugulego | 1 500 | 1 500 | 1 000 | |
| Gangbru over Finna | 3 350 | | | |
| Forprosjekt symjehall | | 400 | | |
| Solskjerming ungdomsskulen | | 350 | | |
| 2 ladestasjonar for elbil | 400 | | | |
| Forprosjekt Bioanlegg reinseanlegget (sjølvkost) | 150 | | | |
| Tiltaksplan VA Vågåmo (sjølvkost) | 3 500 | 3 500 | 3 500 | 3 500 |
| Vassforsyning Tessand (Tessand) | 200 | | | |
| Andre investeringar | | | | |
| Eigenkapitalinnskot KLP | 1 080 | 1 100 | 1 120 | 1 140 |
| Nye formidlingslån | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 |
| Avdrag formidlingslån | 900 | 900 | 900 | 900 |
| Sum kommune | 31 650 | 15 250 | 9 520 | 8 540 |

2.3.2.1 Kommentar til investeringsbudsjettet

Rådmannen har gjennom sitt forslag til budsjett 2018 og økonomiplanen lagt vekt på moderasjon med omsyn til dei store investeringane Vågå kommune må gjere framover, med unnatak av helse- og omsorgsprosjektet.

Regiondata

Hovudtyngda av investeringar for 2018 er knytt til investeringar i serverfarm med basis i at regiondata overtek drifta frå 1. juni 2018. I tillegg er det planlagt innkjøp av plattform for velferdsteknologi. Det er også vedteke innføring av nytt saksbehandlingssystem. Vidare er det auka utgifter til IKT-samarbeid i regionen som følgje av investering i utstyr og lisensar. Tilsvarande ressursar som er nytta til kjøp av tenester blir nå brukt til kompetansearbeidsplassar i vår eigen region.

Nye bilar innan helse

Heimesjukepleia i Vågå kommune disponerer i dag fem tenestebilar, til dagleg tenestekøyring ut til sine brukarar. Ein av desse bilane nærmar seg ei køyrelegde på 120 000 km, og vil vere fornuftig å skifta ut med ein ny bil. Heimetenesta har i tillegg hatt eit auka behov for bil, i takt med aukande oppdrag ute på bygda.

Psykisk helse disponerer ikkje eigen bil, øyremerka deira teneste. Psykisk helse har over lengre tid hatt utfordringar knytt til køyring ut til pasientar, og transport av pasientar i tenesta. Det blir difor kjøpt ein ny personbil (5- seter), som primært skal nyttast til tenestekøyring for Psykisk helse.

Stipulert kostnad på kjøp av tre nye bilar er på kr 1,15 mill., og vil bli finansiert over «Bilfondet».

IKT i skulen

Satsing på IKT i skulen har halde fram i mange år. Kommunen har nå bygd ut både infrastruktur og oppdatert maskinpark. Rådmannen vurderer det dit hen at denne satsinga må halde fram for å sikre elevane våre digital kompetanse og nødvendig maskinpark i undervisninga. Investeringa er difor lagt inn at for 2018. Ein breiare utgreiing på gevinstrealisering må gjerast i 2018. Det har ikkje vore kapasitet til å gjere dette arbeidet inneverande år. Denne investering må også sjåast i samanheng med behovet for lisensar i resten av kommunen.

Prosjekt Helse og omsorg (inkl. Moavegen 13B og tiltak i bustadsosial plan)

Det er planlagt at skisse- og forprosjektfasen skal ferdigstillast innan 2018. Det er stipulert ein kostnad på 12 mill. kroner til detaljprosjektering. Kostnadar til renovering av Moavegen er ein del av dette. Det er vanskeleg og talfeste prosjekteringskostnadar før kommunestyret har vald løysing og omfanget er heilt avklara.

ENØK kulturhuset/Vågåhallen

Vågåhallen fekk ny led- belysning i 2013. Det var på det tidspunktet kjent, at storparten av varmepanela i hallen var defekte. Planen var å erstatte varmepanela med vassboren varme i 2015, og at ein skulle bruka mellombels løysing til oppvarming etter behov. Varmepanela i taket vart difor fjerna, samtidig som jobben med utskifting av belysninga vart gjort. Tiltaket med å få på plass ny grunnoppvarming av Vågåhallen har i fleire omgangar vorte skyvd ut i tid, og er nå lagt inn med kr 2,0 mill. i 2019. Det er vil vere viktig å få erstatta dei gamle varmepanela som vart fjerna i 2013, med ny varmekjelde, for å unngå problem med frost og tele. Planen er å konvertera elektrisk oppvarming i hallen og delar av kulturhuset, til vassboren bio-varme.

Kommunale vegar

Årleg investering på kr. 2, 5 mill. er lagt inn jfr kommunestyrevedtak 83/16.

Kjøp av nytt oppmålingsutstyr til kart- og oppmålingstenesta

Oppmålingsutstyret kommunen har er 16 år gammalt, og for å få ned tidsbruken og kostnadane er det påkravd med nytt utstyr.

Galleri Ullinsvin

Det er lagt inn midlar for å sikre at utviklinga av Galleri Ullinsvin skal halde fram i heile planperioden. Det er klart formulert i masterplanen for Ullinsvin at kommunen også må forplikte seg i arbeidet. Syner her til vekstmoglegheiter som er skissert i masterplan teke til orientering i kommunestyret sak 71/17.

Tilbygg kommunale bustadar i Grindstugulego

ENØK-tiltak på alle tre tomannsbustadane (utvendig tilleggisolering, utskifting av vindauge, dører og utvendig kledning, samt utskifting av vatn, avlaup og elektrisk.

Tilbygg på to av tre tomannsbustadar, slik at fire leilegheiter blir utvida med eit soverom og WC/bad i 1. etasje.

Prosjektet er forventa å få støtte frå Husbanken og ENOVA på til saman 25 % av den totale prosjektkostnaden. Det blir stilt vilkår om støtte frå både Husbanken og ENOVA for at prosjektet blir utført.

Stipulert prosjektkostnad inkl. prosjektering kr 4,0 mill. Behov for eigenfinansiering på kr 3,0 mill., der kr 1,345 mill. blir dekkja av fond frå tidlegare sal av bustadar.

Prosjektet er tenkt utført som vinterarbeid, og fordelt over to vintrar–2018/19 og 2019/20.

Kostnadane vil fordela seg slik; kr 1,5 mill. i 2018, kr 1,5 mill. i 2019 og kr 1,0 mill. i 2020.

Sal av kommunal bustad

Det føreslås sal av kommunal bustad–Leirbakken 13, 2680 Vågå. Bustaden er sterkt prega av elde og slitasje, og det vil vere omfattande kostnader å sette bustaden i stand for vidare utleige. Det er berre ein liten hybel i huset, som er leigd ut i dag, p.g.a. tilstanden. Stipulert inntekt kr 700.000,-

Gangbru over Finna

Prosjektet var tenkt utført i 2017, med ei kostnadsramme på kr 5,0 mill., med kr 3,0 mill. som eigen finansiering. Det er føresett ekstern finansiering ved tilskot med inntil kr 2,0 mill. Det er søkt om tilskot frå Oppland Fylkeskommune og Statens vegvesen, med tilsegn om kr 0,5 mill. frå Oppland Fylkeskommune, og kr 0,62 mill. frå Statens vegvesen. Grunna naudsynte avklaringar for flaum og tryggleik som har vore tidkrevjande, er utføringa av prosjektet forseinka.

Tilskot frå Statens vegvesen på kr 0,62 mill. gjaldt for utføring i 2017 og kan ikkje overførast/utsettast til 2018, men kommunen er oppmoda om og søkje på nytt for same tiltak med utføring i 2018. Den totale prosjektkostnaden er førebels ikkje sikker, og vil ikkje vere på plass før arbeidet har vore ute på anbod. Det vil bli jobba for å få prosjektet innanfor den endelege ramma inkl. tilskot. Prosjektet forventast utført i løpet av 2018.

Forprosjekt symjehall

Det settas av kr 0,4 mill. i 2019 til forprosjekt ny symjehall. Forprosjektet legg opp til å greie ut alternative finansieringsmodellar og plassering for ein ny symjehall. Alternative modellar det blir sett på er, privat/offentleg samarbeid, full privat utbygging og full offentleg utbygging, samt aktuelle plasseringar av ein ny symjehall. Kommunen har inngått leigeavtale med Vågå Hotell, om leige av symjehall til undervisning i grunnskulen, med varigheit på 5 år, med opsjon om ytterlegare 1 + 1 år.

Solskjerming Vågå ungdomsskule

Det står att å skifta ut solskjerming på fasade nordvest på Vågå ungdomsskule, etter at solskjerming på fasade søraust vart skifta ut i 2017. Solskjerming som står att å skifta ut, er i stor grad øydelagt og utslite. Prosjektet er lagt inn med kr 0,35 mill. i 2019 (tilbod ligg føre).

2 ladestasjonar for el- bil

Det er auka etterspurnad og interesse for ladestasjonar for EL- bilar. ENOVA stadfestar at dei gir tilskot til to ladestasjonar i Vågå kommune, med inntil 40 % av prosjektkostnadane. Vågå kommune

ser føre seg å bygge ut to ladestasjonar, ein på p-plassen ved kommunehuset, og ein på p-plassen på Halland. Ladestasjonane vil med dette vere godt tilgjengeleg for både publikum, kommunale tenestebilar og kommunalt tilsette. Stipulert prosjektkostnad er på kr 0,4 mill. (har lagt erfaringstal til ENOVA til grunn). Behov for eigen finansiering er på kr 0,16 mill., føreset 40 % tilskot frå ENOVA.

Forprosjekt Bio- anlegg reinseanlegget (sjølvkost)

Det vil vere behov for alternativ oppvarmingskjelde på RA i Vågå, når oljekjelen er fasen ut. Det vil ligge godt til rette for å bygga eit «Bondeanlegg», som kan forsyna RA med varme, der ein nyttar flis frå Miljøstasjonen i Vågå. Det vil og bli sett på moglegheiter for utnytting av spillvarmen frå reinsa vatn frå reinseanlegget, som i dag blir sendt direkte på Ottaelva.

Tiltaksplan VA

Det er nyleg utarbeidd «Tiltaksplan VA-Vågåmo.» Denne planen legg opp til ei naudsynt investering på VA-nettet på om lag kr 35 mill. fordelt over ti år. Det er difor lagt inn kr 3,5 mill. kvart år i økonomiplanperioden.

«Tiltaksplan VA-Vågåmo» er ikkje vedteke politisk, men det blir lagt opp til sluttbehandling av denne i kommunestyret den 12.12.2017

Vassforsyning Tessand

Det er i dag berre eit borehol/vasskjelde til det kommunale vassverket på Tessanden. Det er krav om å ha to separate vasskilder, og det er difor lagt inn kr 200.000,- til eit borehol til på Tessanden.

Andre behov og tiltak det ikkje er funne rom for i planperioden

ENØK – Vågå ungdomsskule:

Her har vi konvertert varmebatteriet til ventilasjonsanlegget. Vi ønskjer å konvertere det som elles er oppvarma av elektriske panelomnar til vassboren varme (radiatorar), koplå til bio-varme via ny varmevekslar. Stipulert prosjektkostnad inkl. prosjektering kr 2,6 mill.

ENØK–Lalm oppvekstsenter (skuledelen):

Konvertere elektrisk oppvarming av skuledelen til vassboren varme (radiatorar). Montering av luft til vatn varmpumpe (som er demontert på Søre-Grindstugu barnehage, og som var montert ny i 2009). Det er ønskje om å kople denne til varmesentralen for heile oppvekstsenteret. Ein ser ikkje føre seg å konvertera el.-batteriet på ventilasjonen, da det er eit gamalt anlegg som ikkje har kapasitet etter dagens krav, og som ein etter kvart må rekne med å skifte ut i sin heilskap. Stipulert prosjektkostnad inkl. prosjektering kr 1,5 mill.

ENØK – Utsifting av belysning, samt montering av varmestyring på kommunehuset:

Utsifting av all fastmontert tak- belysning, til mindre energikrevjande ljosteknologi. Her har vi førebels ikkje fått sikre og gode nok berekningar, på om dette er eit lønsamt ENØK-tiltak. Vi held fram med å få berekna kost/nytte, samt finne fram til riktig/lønsam teknologi. Stipulert prosjektkostnad inkl. prosjektering kr 3,0 mill.

Nye leikeapparat til Søre-Grindstugu barnehage:

Det er på tide å skifta ut det største leikeapparatet i Søre-Grindstugu barnehage. Apparatet nærmar seg ein alder av 23 år, og vart gjeve som gåve frå Saniteten då Søre-Grindstugu barnehage vart bygd fyrste gongen. Stipulert kostnad kr 0,2 mill.

Ombygging av Gamlebanken, tilrettelegging for Vaksenopplæringa

Det er høgst usikkert kva behovet er her, men det vil sikkert vere behov for noko tilrettelegging for at Vaksenopplæringa skal kunne ta i bruk kontorlokala etter Gudbrandsdalsmusea, til undervisnings-/ kontorlokal. Det er og stor uvisse i framtidig knytt til arealbehov for Vaksenopplæringa. Dette vil vere avhengig av tilgang til flyktningar. Fornyng av ventilasjon kan bli aktuelt. Stipulerte kostnadar er høgst usikre, men er anslagsvis på kr 0,8 mill.

Valdsalarm helsesenteret

Det er meldt eit behov for valdsalarm for tilsette ved helsesenteret. Det er uavklart kor stor denne investeringa vil bli.

2.4 Finansiering av investeringane

| | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|-------------------------------------|----------------|----------------|---------------|---------------|
| Bruk av investeringslån | -18 865 | -6 750 | | |
| Bruk av investeringslån (sjølvkost) | -3 950 | -3 500 | -3 500 | -3 500 |
| Bruk av startlån (vidareutlån) | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -3 000 |
| Overført frå driftsbudsjettet | -1 080 | -1 100 | -1 120 | -1 140 |
| Bruk av disposisjonsfond | -1 150 | | | |
| Bruk av ubundne investeringsfond | -1 345 | | | |
| Mottekne avdrag utlån | -900 | -900 | -900 | -900 |
| Statstilskot | -660 | | -1 000 | |
| Sal av fast eigedom | -700 | | | |
| Sum finansiering | -31 650 | -15 250 | -9 520 | -8 540 |

2.5 Eigedomsskatt

Vågå kommune utvida frå og med 01.01.2014 eigedomsskatten til å gjelde heile kommunen, der det tidlegare berre var kravd eigedomsskatt for bustader i sentrumsområde (Vågåmo). Dei seinare åra har promillesatsen vore 4,3 promille av eigedomskattegrunnlaget, med eit botnfrådrag på 100.000. For 2018 er promillesatsen uendra, men botnfrådraget er teke vekk. Eigedomsskatt frå kraftverk redusert med kr 0,9 mill. Eigedomskattegrunnlag for kraftverk er fastsett av staten.

| | 2016 | 2017 | 2018 |
|-----------------------------|--------|--------|--------|
| Inntekter frå eigedomsskatt | 15 000 | 13 671 | 13 953 |

2.6 Nærings- og landbruksfond

Tilskot frå Oppland fylkeskommune og inntekter frå konsesjonsavgift er bundne midlar som må nyttast til næringsformål. I 2018 er dette budsjettet til kr 449' frå Oppland fylkeskommune, kr 780' frå konsesjonsavgift, i tillegg kjem renter av fondsmidlar på kr 20'.

Kommunestyret har i tillegg vedteke at landbruksfond skal styrkast med kr 150' og næringsfond med kr 500'. I kommunestyresak 101/14 vart det vedteke at 5 % av utbytte frå Eidefoss skulle avsetjast til næringsfond. Dette er frie midlar, og blir avsett til disposisjonsfond.

Total avsetjing til landbruksfond i 2018: 250'

Total avsetjing til fond for kulturbasert næring (arrangementstøtte) i 2018: 75'

Total avsetjing til næringsfond i 2018: 1.664'

3.0 STATUS

3.1 Økonomi

Vågå la fram årsrekneskap både i 2015 og 2016 med eit mindreforbruk. Siste år vart heile mindreforbruket avsett til disposisjonsfond, men ein del av midlane er tenkt nytta til Gjendeosenprosjektet.

I framtida med store utfordringar er det særst viktig at vi klarer å setje av eit eventuelt mindreforbruk på disposisjonsfondet.

3.1.1 Handlingsregler for Vågå kommune

I økonomiplanen for 2017–2020, vart handlingsreglar for økonomistyringa i Vågå kommune formulert om, og er nå slik:

1. Korrigert netto driftsresultat skal årleg budsjetterast til minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
2. Disposisjonsfond skal utgjere minimum 12 % av brutto driftsinntekter ved utgangen av økonomiplanperioden.
3. Lånegjeld, med frådrag av vidareutlån og lån til sjølvkostområde, skal utgjere maksimalt 81 % av brutto driftsinntekter.

På grunn av dei økonomiske utfordringane Vågå kommune har i 2018 klarer vi ikkje å leve opp til handlingsreglane.

3.1.2 Oversikt over netto driftsresultat og netto driftsresultat korrigert for premieavvik og bundne fond:

Netto driftsresultat er eit av dei viktigaste måltala for kommunal økonomi. Det viser forholdet mellom inntekter og kostnader, og med dette korleis drifta i kommunen går i balanse. Talet blir reelt når ein tek bort tal som ikkje representerer reelle inntekter. I tillegg må ein ta omsyn til premieavvik frå pensjonar, samt bruk og avsetjing til bundne fond. Det ein da står att med er korrigert netto driftsresultat.

| | Reknesk. 2014 | Reknesk. 2015 | Reknesk. 2016 | Budsjett 2017 | Ø.plan 2018 | Ø.plan 2019 | Ø.plan 2020 | Ø.plan 2021 |
|---|------------------|------------------|------------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Netto driftsresultat | -3 770 | -23 334 | -14 212 | -6 720 | -6 526 | -6 205 | -6 234 | -6 196 |
| Premieavvik | 6 461 | -1 056 | 2 982 | 7 038 | 8 615 | 8 615 | 8 615 | 8 615 |
| Attendeført premieavvik | -1 847 | -2 770 | -2 619 | -2 497 | -2 642 | -2 642 | -2 642 | -2 642 |
| Avsetning til bundne fond | 3 851 | 20 473 | 8 189 | 1 378 | 1 534 | 1 534 | 1 534 | 1 534 |
| Bruk av bundne fond | -4 133 | -3 743 | -4 212 | -1 743 | -2 743 | -2 280 | -2 280 | -2 280 |
| Korrigert driftsresultat | 562 | -10 430 | -9 872 | -2 544 | -1 762 | -978 | -1 007 | -969 |
| Brutto driftsinntekter | -311 905 | -337 806 | -340 269 | -318 233 | -322 590 | -322 040 | -322 040 | -322 040 |
| Nto driftsresultat i % av brt driftsinnt. | 1,2 % | 6,9 % | 4,2 % | 2,1 % | 2,0 % | 1,9 % | 1,9 % | 1,9 % |
| Korr. nto driftsres. i % av brt dr.innt. | -0,2 % | 3,1 % | 2,9 % | 0,8 % | 0,5 % | 0,3 % | 0,3 % | 0,3 % |

3.1.4 Lånegjeld

| | Vågå 2016 | Oppland 2016 | Noreg 2016 |
|----------------------------------|--------------|-----------------|---------------|
| Netto lånegjeld pr. innbyggjar * | 76 247 | 58 253 | 63 977 |

* SSB/KOSTRA: A1. Konsern – Finansielle nøkkeltal og adm., styring og fellesutg

3.1.5 Rekneskapsføring av pensjon

Summen av medlemsinnskot (arbeidstakar sin del) og den delen arbeidsgjevar skal betale av lønsutbetalingane svarar til den totale pensjonspremien som kommunen betaler til pensjonsforsikringsselskapa for det aktuelle året.

I driftsrekneskapan blir det likevel utgiftsført det beløpet som pensjonsforsikrings-selskapa reknar ut (ut frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering) som årets pensjonskostnad for Vågå. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og utrekna pensjonskostnad blir kalla **premieavvik** og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsregnskapet og i balansen.

Etter reglar i Forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar, er det gjeve moglegheit til at forskjellen mellom betalt inn premie og utrekna kostnad–i perioden 2003 til 2010–skal kunne førast i rekneskapan over dei neste 15 år. Frå og med 2011 er regelen endra slik at premieavvik som oppstår frå og med 2011 kan førast i rekneskapan over dei neste 10 år. Frå 2015 skal premieavvik rekneskapsførast over 7 år. I driftsbudsjettet for 2018 er det budsjettert å attendeførte (utgiftsføre) premieavvik med 2,642 mill. kroner (KLP 2858', SPK -216'). Dette er i tråd med utrekningar frå pensjonsselskapa.

For Vågå har vi gjennom dei åra vi har hatt denne ordninga betalt meir i premie enn kva som har vore utrekna som pensjonskostnad. Pr 31.12.15 er forskjellen mellom betalt inn premie og utgiftsført pensjonskostnad på 15,4 mill. kroner (+ arbeidsgjevaravgift på dette). På grunn av at det er den berekna kostnaden, og ikkje det vi faktisk har betalt som blir ført i rekneskapan, har dette over år gjeve eit positivt premieavvik. Eit positivt premieavvik blir inntektsført i driftsrekneskapan det året premieavviket oppstår, og ført i balansen som "fordring" på pensjonsordninga. I dei neste 15, 10 og 7 åra må akkumulert premieavvik kostnadsførast i driftsrekneskapan.

3.1.5.1 Rekneskapsføring av pensjon SPK

| År | Premieavvik | Attendeført | Attstående |
|------|-------------|-------------|------------|
| 2008 | -459 | -25 | -212 |
| 2009 | 140 | 5 | -67 |
| 2010 | 259 | -4 | 187 |
| 2011 | -705 | -21 | -539 |
| 2012 | -717 | 49 | -1 207 |
| 2013 | -960 | 121 | -2 046 |
| 2014 | -495 | 217 | -2 324 |
| 2015 | 433 | 287 | -1 603 |
| 2016 | 215 | 225 | -1 162 |

3.1.5.2 Rekneskapsføring av pensjon KLP

| År | Premieavvik | Attendeført | Attstående |
|------|-------------|-------------|------------|
| 2008 | 2 989 | -636 | 9 941 |
| 2009 | 2 018 | -835 | 9 324 |
| 2010 | 1 531 | -850 | 10 005 |
| 2011 | 332 | -952 | 9 385 |
| 2012 | 7 240 | -985 | 15 640 |
| 2013 | 2 440 | -1 709 | 16 371 |
| 2014 | 6 567 | -1 953 | 20 984 |
| 2015 | -1 426 | -2 891 | 16 667 |
| 2016 | 2 587 | -2 687 | 16 567 |

| | |
|---|--------|
| Netto framtidig forplikting premieavvik | 15 405 |
| Disposisjonsfond pensjon pr. 06.11.2017 | 12 663 |

3.1.8 Utvikling av lånegjeld

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|--------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Lånegjeld pr. 01.01 | 342 962 | 342 117 | 344 600 | 344 013 | 345 946 | 355 461 | 351 259 | 340 395 |
| Nye lån | 14 254 | 19 439 | 14 527 | 17 533 | 25 815 | 12 850 | 6 500 | 6 500 |
| Avdrag | 15 099 | 16 956 | 15 114 | 15 600 | 16 300 | 17 052 | 17 364 | 17 464 |
| Lånegjeld pr. 31.12 | 342 117 | 344 600 | 344 013 | 345 946 | 355 461 | 351 259 | 340 395 | 329 431 |
| Utlån | 63 260 | 64 440 | 58 927 | 58 927 | 58 927 | 58 927 | 58 927 | 58 927 |
| Ubrukte lånemiddel | 5 824 | 5 688 | 6 000 | 6 000 | 6 000 | 6 000 | 6 000 | 6 000 |
| Netto lånegjeld | 273 033 | 274 472 | 277 573 | 281 019 | 290 534 | 286 332 | 275 468 | 264 504 |
| Innbyggjarar | 3 686 | 3 664 | 3 651 | 3 626 | 3 626 | 3 626 | 3 626 | 3 627 |
| Lånegjeld pr. innbyggjar | 74 073 | 74 910 | 76 027 | 77 501 | 80 125 | 78 966 | 75 970 | 72 926 |



3.1.9 Demografi

| | | 2017 | 2020 | 2025 | 2030 | 2035 | 2040 |
|------------------|--------------------------|------|------|------|------|------|------|
| 0515 Vågå | 0 år | 31 | 31 | 31 | 31 | 30 | 29 |
| | 1–5 år | 162 | 150 | 166 | 167 | 163 | 160 |
| | 6–12 år | 286 | 280 | 235 | 250 | 252 | 249 |
| | 13–15 år | 128 | 129 | 140 | 99 | 111 | 115 |
| | 16–19 år | 186 | 185 | 169 | 171 | 145 | 157 |
| | 20–44 år | 992 | 978 | 951 | 953 | 964 | 945 |
| | 45–66 år | 1077 | 1071 | 1051 | 1019 | 995 | 995 |
| | 67–79 år | 548 | 560 | 590 | 576 | 579 | 578 |
| | 80–89 år | 178 | 190 | 229 | 287 | 300 | 302 |
| | 90 år eller eldre | 53 | 49 | 43 | 55 | 68 | 90 |

Folketalsutviklinga er særst viktig både i forhold til samfunnsutviklinga og til dei økonomiske overføringane frå staten. Demografi avgjer vektinga av overføringane.

Vi ser ein markant attendegang for innbyggjarane i aldersgruppa 0–19 år. Samstundes ser vi at talet på innbyggjarar i yrkesaktiv alder (20–66 år) går sterkt attende. Dette blir særleg alvorleg når ein ser at gruppa over 67 år veks mykje. Dette betyr at stadig færre skal finansiere velferdsordningane for å ei stadig større gruppe. utfordringane våre er å drive godt folkehelsearbeid og førebyggjande arbeid slik at dei eldre innbyggjarane ikkje blir så kostnadskrevjande i framtida.

Tabellen under er henta frå KS- demografimodell basert på folketalprognoser frå SSB:



3.1.10 Helsetilstanden i befolkninga

Vågå kommune skal vera eit Trygt lokalsamfunn og trafikksikker kommune, med fokus på førebygging av skader og ulykker. Gjennom ny folkehelselov er kommunen pålagt å drive helseovervaking, samt følgje med på negative og positive faktorar som kan verke inn. Særleg merksame skal vi vera på utviklingstrekk som kan skape eller halde oppe sosiale helseforskjellar. Folkehelsemeldinga, «Mestring og moglegheiter» (Meld. St. 19 (2014–2015)) legg føringar for at kommunen i større grad skal leggje til rette for helsefremjande og førebyggjande verksemd.

3.1.11 Likestilling

Kvinner utgjer om lag 80 % av dei tilsette i kommunen, det er fleire kvinner enn menn som har deltidsstillingar. I Kommune-Noreg inkludert Vågå, blir det arbeidd for å redusere uønskt deltid og få innarbeidd ein heiltidskultur. Det vil framleis vere eit mål å rekruttere fleire mannlege medarbeidarar i kvinnedominerte yrke og jamne ut lønnsforskjellane der det er naturleg ut ifrå funksjon og kompetanse.

Kommunen ønskjer å vere open og inkluderande både i høve etnisitet og funksjonsnivå. Ved nyrekruttering skal minimum ein minoritetsspråkleg søkjar bli kalla inn til intervju dersom han/ho er kvalifisert for stillinga.

3.1.12 Integrering

Vågå kommune er pro aktive med omsyn til mottak/ integrering og for å få flyktningar ut i meiningsfull aktivitet. Vi er deltakarar i eit prosjekt som kallast «flyktning som ressurs» i samarbeid med Høgskulen i Innlandet Lillehammer (HIN), Østlandsforskning (ØF), Fylkesmannen i Oppland, Oppland Fylkeskommune, Integrering og Mangfoldsdirektoratet (IMDI), og Arbeids- og Velferdsetaten (NAV Oppland og lokalt kontor). Samfunnsoppdraget er at flyktningar og innvandrarak skal bli sosialt, økonomisk og kulturelt integrert.

Integrering er ein kontinuerleg prosess og handlar om positivt samspel mellom innvandrarak, lokalsamfunn og offentleg sektor.

3.1.13 Beredskap

Kommunane utgjer fundamentet i samfunnet sin kriseberedskap ut frå prinsippet om at alle kriser skal handterast på lågast mogleg nivå. Kommunane har beredskapsplikt jf. Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret og pliktar å utarbeide risiko- og sårbarheitsanalyse.

Risiko- og sårbarheitsanalysen kartlegg kva uønskete hendingar som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsyn for at hendingane kan kome til å skje og konsekvensar av desse. Det skal vurderast førebyggjande tiltak for å hindre at uønskete hendingar skjer og konsekvensreducerande tiltak om / når slike hendingar skjer.

Vågå kommune har overordna beredskapsplan som inneheld ei oversikt over kva tiltak kommunen har førebudd for å handtere uønskete hendingar. Beredskapsplanen blir meir eller minder kontinuerleg oppdatert, og kommunen gjennomfører beredskapsøving i tråd med Fylkesmannen sitt oppsett. Ut over dette har vi årleg møte i Beredskapsrådet og i den kommunale kriseleiinga.

I Vågå kommune har vi risiko- og sårbarheitsanalysar (interkommunal ROS) og overordna kommunal beredskapsplan. I tillegg til overordna planar, så har vi også planar på dei forskjellige tenesteområda.

4.0 PLANOPPGÅVER I ØKONOMIPLANPERIODEN

I politisk vedteken kommunal planstrategi for planperioden 2016–2020 er det vist til revisjonsbehov for reguleringsplanane for sentrale delar av Vågåmo (reguleringsplan for Vågåmo Vest, reguleringsplan for Vågåmo Aust inkl. industriområdet) og også for Lalm. Alle desse planane er gamle, og revisjonsarbeidet vil vere omfattande. Planstrategien legg opp til at kommunen i denne planperioden skal starte prosessar med revisjon av reguleringsplan. Ved planrevisjon skal mål og strategiar i kommuneplanens samfunnsdel følgjast opp og planarbeidet skal skje i samsvar med føringar i kommuneplanens arealdel. Fokus på stadutvikling vil vere viktig i sentrumsområda i Vågåmo. Kommunestyret har prioritert igangsetting av regulering av området Brustugujordet framfor reguleringsplanane omtalt i planstrategien.

Kommuneplanens arealdel vart godkjent 9.8.2017. Godkjenning av arealdelen vil opne opp for oppstart av private reguleringsplanprosessar for nye utbyggingsområde, og ein må vente at dette krev administrative ressursar for oppfølging av planprosessane.

Det er behov for midlar for kjøp av tenester i samband med kommunen sitt arbeid med revisjon av reguleringsplanar.

Det er behov for midlar for i samband med stadutviklingsarbeid. Dette kan t.d. dreie seg om kjøp av tenester for analysar mv.

Kommunedelplan for klima og energi skal reviderast i 2018.

Prosessen med kulturminneplan fortset inn i 2018.

Bustadsosial plan for Vågå kommune skal bli revidert i 2018 og erstattar planen for perioden 2003–2010. Denne planen må bli sett i samanheng med helse- og omsorgsprosjektet.

Kommunedelplan for pleie og omsorg skal bli revidert i 2018. Planen skal vere ein overordna strategi for områda helse, omsorg, folkehelse og rehabilitering i Vågå kommune.

5.0 KONSEKVENSAAR KNYTT TIL ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLANPERIODEN

5.1 Innsparingstiltak

Tiltak med større innsparingar i økonomiplanperioden, utgangspunkt er opphavleg budsjett 2017:

| Tiltak | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|------|------|------|------|
| Redusert stilling merkantil helse | 305 | 0 | 0 | 0 |
| Omstrukturering tenester for funksjonshemma | 600 | 1000 | 1000 | 1000 |
| Reduserte bemanning helsestasjon og skulehelsetenesta | 300 | 600 | 600 | 600 |
| Redusert bemanning Vågåheimen-kjøkken | 200 | 400 | 400 | 400 |
| Redusert tilskot private barnehagar | 500 | 800 | 800 | 800 |
| Auka tilskot ressurskrevjande brukarar | 700 | 600 | 600 | 600 |
| Avvikle Tessand barnehage | 700 | 1800 | 1800 | 1800 |
| Reduserte stillingar barnehage | 1950 | 1950 | 1950 | 1950 |
| Auka inntekter sal av konsesjonskraft | 400 | 400 | 400 | 400 |
| Redusert stilling teknisk sektor | 480 | 1060 | 1060 | 1060 |
| Avvikle samarbeid Lærlingekontoret | 300 | 300 | 300 | 300 |
| Prosjektleiar Munch/Galleri Ullinsvin | 730 | 730 | 730 | 0 |
| Redusert delings- og assistenttimar skule | 1250 | 1550 | 1550 | 2400 |
| Auka inntekter (tilskot mm) | 500 | 500 | 500 | 500 |
| Utbytte Eidefoss | | | 500 | 750 |
| Fjerne botnfrådrag eigedomsskatt | 1100 | 1100 | 1100 | 1100 |
| Auka eigedomsskatt (nedre Otta mm) | | 300 | 300 | 300 |
| Redusert bemanning tildelingskontoret | 435 | 435 | 435 | 435 |

5.1.2 Kommenterar til innsparingstiltak:

Med utgangspunkt i endring i Vågå kommune sine inntekter, så klarer vi ikkje å redusere ressursbruken utan at vi endrar tenestetilbode betydeleg.

Vågå kommune må i åra som kjem dreie ressursar frå barn og unge til helse- og omsorgstenester for vaksne. Barnehagen har redusert driftsbudsjettet det siste året, og tilsvarande må skje innan andre tenestemråde tilpassa framskrive befolkningsamansetting.

Rådmannen foreslår å redusere ressursbruk knytt til helsestasjonen og skulehelsetenesta, som følgje av nedgang i barnetal. Dette vil få konsekvensar for tenestetilbodet, tilgjengelegheit for brukarar og samarbeidspartar som barnehage, skule og barnevernsteneste. Kva funksjon og tiltak som blir rørt ved ved helsestasjonen vil bli avklart etter budsjettvedtak og seinast innan juni 2018.

Vågåheimen reduserer kjøkkenpersonale, som vil få heilårsverknad frå 2019. Reduksjonen vil ikkje påverke brukarane eller tilbodet med matombringning, men drift av kantina må bli vurdert i løpet av 2018.

Vågå kommune har vedtatt ei omstrukturering innan bufellesskapa, men endring av formål ved Moavegen til bukollektiv for eldre og Eksismoen til personar med psykiske lidingar og rus. På sikt vil dette kunne gje ei årleg innsparing på minimum kr 1 million. Tenester for funksjonshemma vil gjennomgå omfattande omstilling i 2018, med ny grunnturnus og planlagt avvikling av eit bufellesskap.

Tildelingskontoret er redusert frå 1,8 til 1,4 årsverk. Vågå kommune er i prosess om å etablere felles tildelingskontor med andre kommunar i regionen.

Vidareføring av regional ruskoordinator og koordinator i samfunnsmedisin er ikkje lagt inn i rådmannen sitt framlegg til årsbudsjett for 2018.

Reduksjon av merkantil ressurs var lagt inn som eit kutt i 2017, og i økonomiplanen 2017–2020 står det at vi skulle nytte 2017 til å definere klare arbeidsoppgåver slik at den skal fungere etter intensjonen om å bidra til å effektivisere drifta. Det er utfordrande å drive overordna leiging og utviklingsarbeid utan nødvendig støttepersonell. Vi vil difor sjå på organisering av helse og omsorg i 2018, med målsetting om å få ressursar til merkantil funksjon for alle tenestemråda i helse og omsorg.

Nedgang innan barnehageområdet skuldast nedgang på barnetal og flytting av Tessand barnehage til sentrum, og får slik sett ingen konsekvensar for drifta slik ho ligg i dag. Det er viktig å merke seg at noko av innsparingane i økonomiplanen handlar om barnehagestruktur. Vi har i dag gjennomgåande overdekking på barnehageplassar i heile kommunen. Rådmannen meiner nå at vi frå august 2018 har ein økonomisk berekraftig struktur på våre kommunale barnehagar.

Rådmannen viser her til vedtak i Kommunestyret 26.10.17, sak 71/17 og rår til at kommunen nyttar eigne ressursar til prosjektleiar Munch/Galleri Ullinsvin for 2018.

Reduksjon i grunnskulen er større enn det tala skulle tilseie. Årsak til dette er at skulane hadde nødvendig meirforbruk i 2017 grunna elevar med særskilt behov. Innsparingane for 2018 er i store trekk delingstimar og reduksjon av assistentar. I tillegg er leirskule ved ungdomsskulen teke ut.

Reduksjon i årsverk innan tekniske tenester vil få konsekvensar for tenesteytinga. Forslag til reduksjon heng og saman med andre tiltak, som mellom anna å flytte barnehagen på Tessand.

Rådmannen foreslår å avslutte samarbeid med Læringskontoret i Nord- Gudbrandsdal. Det er gjort ei vurdering av at kommunen klarer å vareta oppfølging og utvikling av lærlingar ved bruk av eigne ressursar. Frå rådmannen si side blir det i stor grad oppfatta at vi må gjere dei same oppgåvene som tidlegare. Kommunen deltek mellom anna i samarbeidsorganet lærings- og utviklingsteam (LUT) med Oppland fylkeskommune.

Konsesjonskraft:

Inntekta heng i stor grad saman med straumprisane. Dei siste åra har denne gått noko opp, som gjer att vi er attende på eit høgare inntektsnivå (auka frå kr 1.600' til 2.000')

Utbytte Eidefoss:

Dei fem eigarkommunane får utbytte basert på resultatet i AS Eidefoss. Med utbygging av Rosten og Nedre Otta kraftverk er stipulerte inntekter redusert, men det er forventa at desse vil auke i tråd med at investeringane blir avslutta.

Eigedomsskatt:

Vågå kommune er i ein prosess der nokre nye objekt blir taksert. I tillegg kjem eigedomsskatt frå Nedre Otta kraftverk inn etter kvart som prosjektet blir ferdigstilt.

Reduksjon i årsverk innan tekniske tenester vil få konsekvensar for tenesteytinga. Forslag til reduksjon heng og saman med andre tiltak, mellom anna å flytte barnehagen på Tessand. Ved å omorganisere og fordele administrative arbeidsoppgåver innanfor tekniske tenester ser ein for seg å redusere med eit årsverk i administrasjonen.

5.2 Tiltak som aukar driftsutgiftene

Tiltak med større auke i økonomiplanperioden, utgangspunkt er opphavleg budsjett 2017:

| Tiltak | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|------|------|------|------|
| Redusert brukarbetaling langtidsopphald Vågåheimen | 300 | 300 | 300 | 300 |
| Vegfond | 200 | 400 | 400 | 400 |
| Felles innkjøpsleder 6K | 250 | 250 | 250 | 250 |
| Auka bemanning helsesenteret | 230 | 230 | 230 | 230 |
| Styrking heimetenesta | 250 | 250 | 250 | 250 |
| Org.endring heimebaserte tenester – ny tenesteleiar | 630 | 0 | 0 | 0 |
| Redusert eigedomsskatt kraftverk | 900 | 900 | 900 | 900 |
| Auka utgifter interkommunale samarbeid | 1500 | 1700 | 1700 | 1700 |
| Spes.ped. i eigen og andre kommunar | 800 | 800 | 800 | 800 |
| Barnevern | 600 | 600 | 600 | 600 |

5.2.1 Kommenterar til tiltak som aukar driftsutgifter

Ut ifrå kommunen sin økonomi er det lite rom for auke i tiltak i økonomiplanperioden. Vågå kommune må som nemnt dreie ressursar frå barn og unge for å møte framtidens tenestebehov.

Dei fleste områda som aukar er knytt mot område som vi i liten grad rår over. Auka utgifter til interkommunale samarbeid er mellom anna knytt til barnevernstiltak, bruk av intermediære senger ved NGLMS Otta og auka utgifter for drift av alarmsentral etter at Nord- Fron og Sør- Fron har sagt opp avtalen.

Det er vedteke at Vågå kommune skal opprette eit vegfond der rådmannen utarbeider statuttane for tildeling til private vegar, dette som ein del av budsjettet og økonomiplan 2018–2021. Syner her til formannskapet 30.05.2017, og kommunestyret den 13.06.2017 i sak 53/17 og 48/17. I tillegg er det i rådmannen sitt forslag lagt inn ei auke i vegfond frå 2019 med kr 200 000,-. Rådmannen foreslår ein gjennomgang av kommunale vegar med tanke på ei omklassifisering frå kommunal til privat veg. Vedlikehaldsbudsjettet for kommunale vegar er redusert med kr 100 000,- frå same år.

Vågå kommune blir vertskommune for felles, regional innkjøpsleiar. Syner her til sak i Kommunestyret den 13.06.17, sak 45/17. Kostnadane er synleggjort, men framtidig gevinstrealisering er førebels ikkje mogleg å talfeste, men ei målsetting med samarbeidet er ein større bruk av lokale tilbydarar. Vi reknar og med langt mindre bruk av ekstern konsulent, samt betre innkjøpsavtalar.

Hjelpepersonell på Helsesenteret er auka med 40 % stilling ifrå 2018. Tenesta har over tid hatt stor belastning, lang ventetid og ikkje tilfredsstillande tilgjengelegheit for publikum.

Heimetenesta får ei styrking med 0,5 årsverk i 2018. Den planlagde omstillinga i 2018 vil medføre at vi får heilårsverknad frå 2019 og kan styrke heimetenesta ytterlegare.

Vi får ei auke som følgje av midlertidig organisasjonsendring med fire tenesteleiarar innan helse og omsorg. Dette er følgjer av at heimebaserte tenester midlertidig er delt i to ansvarsområde.

6. 0 Mål

6.1 Hovudutfordringar i økonomiplanperioden

6.1.1 Skape forståing for at aktiviteten i tenesteytinga er tilpassa budsjettramma

Rapportering til politisk nivå gjennom 2017 viser at Vågå kommune har meirforbruk innan helse og omsorg og grunnskule. Dette har gjort budsjettsituasjonen ekstra krevjande, og det er heilt naudsynt å justere tenestetilbodet i tråd med dette. For å kome ned på eit aktivitetsnivå som er i samsvar med inntektene våre, må kommunen redusere talet på årsverk. I rådmannens forslag vil dette utgjere mellom 15 og 18 årsverk, både fast og midlertidig tilsette. For å greie denne utfordringa må det avsetjast ressursar til å gjennomføre nødvendig reduksjon av aktivitetsnivået.

Det er viktig å sjå at kommunane får utvida sin oppgåveportefølje utan at dette blir fullt ut økonomiske kompensert frå staten. I tillegg ligg det utfordringar som kommunen må løyse for å halde oppe økonomien og omfanget av tenesteproduksjonen. Ikkje minst er talet på innbyggjarar viktig saman med attraktivitet og nyetableringar innan næringslivet.

Vi veit at det er store forventningar til Vågå kommune som over tiår har levert gode tenester. Det er viktig å ha ein god dialog med innbyggjarane og dei tilsette om at kommuneøkonomien blir svakare.

Det må jobbast med haldningar, motivere til nytenking og skape ein organisasjonskultur der alle tek ansvar for å bidra til å tilpasse drifta til vedtekne økonomiske ramar. Samla sett må det vere et mål å sørgje for at det blir skapt mest mogleg velferd for pengane som blir brukt til drift.

Det vil alltid vere krevjande å jobbe med endringar og justere ned forventningar. Vi har likevel eit godt utgangspunkt, gjennom at vi på dei fleste områda leverer gode tenester.


6.1.2 Netto driftsresultat—auka handlefridom

Vedteke handlingsregel i Vågå kommune seier at vi skal budsjettere med eit netto driftsresultat som svarar til 1,75 prosent av driftsinntektene. For Vågå vil dette seie at netto driftsresultat bør vere ca. 5,6 millionar kroner. Gjennom denne økonomiplanen vil netto driftsresultat vere positivt, men ligge under tilrådd nivå. Dette gjev ei viss fondsavsetning for kvart av åra. Gjennom fondsavsettingar vil kommunen byggje opp ein økonomisk buffer som kan møte framtidige uføresette behov, premieavvik eller nyttast som eigendel i investeringsprosjekt, samstundes som det er med på å sikrar

kommunen mot ei renteauke–noko som er sær s viktig dersom vi realiserer Helse- og omsorgsprosjektet. Dette gjev kommunen eit større økonomisk handlingsrom.

6.1.3 Vidareføring av omstillinga innan helse og omsorg

I budsjettet 2014 og i økonomiplan 2015–2018 vart det vedteke at utgiftene til pleie og omsorg skulle reduserast. Det er nødvendig med ei dreining og omprioritering av ressursar frå barn og unge mot helse- og omsorgstenester for vaksne, for å klare å vareta kommunen sine nye oppgåver og ansvar som følgje av samhandlingsreforma. Ei slik ressursomlegging er i tråd med KS sin demografimodell, med framskriving av objektivt utgiftsbehov:



KS sin demografimodell syner at utgiftene til pleie og omsorgsteneste i Vågå kommune vil auke.

Det er i økonomiplan 2016–2019 lagt inn tiltak som å etablere førebyggjande heimebesøk og kvardagsrehabilitering. Dette er vi i startfasen med og det krev kontinuerleg fokus og tilstrekkeleg ressursar for oppnå resultat. Rådmannen vil i løpet av 2018 evaluere dagens organisering og ressursbruk innan alle tenesteområde. Dette for å sikre ressursar til gjennomføring av planlagde tiltak og generelt kunne tilpasse tenestetilbodet i tråd med framtidige utfordringar.

Det er eit mål at vi skal etablere ressursteam i løpet av økonomiplanperioden, der tilsette som er overtalige vil bli nytta. Målet er at kommunen skal redusere kostnadar til ekstravakt og overtid, og sikre tilgang til kvalifisert personale ved fråvær.

Gode og heilskapelege pasientutvikling er ein viktig del av samhandlingsreforma og dette må bli prioritert i komande økonomiplanperiode. Dette vil betre tenestetilbodet vårt, auke brukarmedverknad og føre til betre ressursutnytting.

Rådmannen rår til at vi gjennomgår organisering og ressursbruk for alle dagaktivitetstilbod innan helse og omsorg. Vi må innan 2018 vurdere å omprioritering av ressursar slik at Vågå kommune kan auke dagtilbodet for heimebuande med demens, frå fire dagar i veka til fem dagar i veka.

Vi må tenkje nytt og innovativt ved utforming tenestetilbodet vårt. Dette stiller store krav til den enkelte tilsette og til leiarane som må vere løysingsorienterte og gjennomføre planlagt endringsarbeid.

6.1.4 Forbetre integreringsarbeidet av busette flyktingar

Altfor få av flyktingane kjem seg ut i arbeid innanfor dei fyrste tre åra. Dette inneber utfordringar for kommunane. Fylkesmannen i Oppland inviterte Vågå, Sel og Nordre-Land, saman med IMDI, UDI, NAV, Fylkeskommunen og Høgskulen på Lillehammer til å delta i eit prosjekt som har som mål å finne fram til nye tiltak som skal gjere integreringsarbeidet i kommunane betre og ikkje minst at flyktingane skal kome seg fortare ut i arbeid. Rådmannen har store forventningar til arbeidet, som vil halde fram, og bli prioritert i økonomiplanperioden.

6.1.5 Sikre fokus på førebyggjande arbeid gjennom samarbeid på tvers av faggrenser

Vi har eit godt regionalt samarbeid om folkehelse og vi har eit godt planverk. Resultat frå folkehelseoversikta er teke inn i kommuneplanen sin samfunnsdel som ei prioritert oppgåve gjennomgåande i heile organisasjonen. Vågå kommune har i folkehelseoversikta fire prioriterte satsingsområde; psykisk helse, fråfall i vidaregåande skule, fysisk inaktivitet og arbeidsplassar. Det er etablert ei tverrsektoriell folkehelsegruppe i Vågå kommune som arbeider inn mot desse områda.

6.1.6 Leggje til rette for positiv samfunnsutvikling/stabilisere folketalet

Vågå kommune har eit variert næringsliv, med landbruk og reiseliv som «spydspissar» og arbeidsløysa er framleis låg. Det er viktig at vi klarer å stabilisere folketalet i kommunen og samarbeider med lokalt næringsliv for å utvikle Vågåsamfunnet vidare. Vågå kommune må framover bli oppfatta som ei næringsvenleg kommune, gjennom aktivt å leggje til rette for og syne vilje til å sette inn tiltak utanfor tradisjonell tenking.

Vågå kommune har no avslutta arbeidet med kommuneplanen. Dette planverket er særst viktig og det er naudsynt å vere visjonær, innovativ og litt vågal når ein utarbeider slike planar. Vågå har eit stort vekstpotensial innan reiseliv og det er ei utfordring å finne ein balansegang mellom utvikling og vern.

Landbruket er sentralt for Vågå. Difor er det viktig at kommunen er med på å stimulere yngre generasjonar til å ta over og samstundes vere ein medspelsaktør til å byggje opp attåttnæring slik at landbruket får fleire bein å stå på. Nye signal om endring i konsesjonslovgevinga kan og vere ein trussel mot dei mange småbruka som Gudbrandsdalen har.

Det er etablert eit næringsforum i Vågå som vil arbeide for utvikling av nytt og eksisterande næringsliv.

Det er viktig med ein god infrastruktur i kvar kommune. Vi må ha ein vegstandard gjennom Gudbrandsdalen som tek høgde for utfordringane til næringslivsaktørar og som og gjer at vi blir ei naturleg transportåre.

Folketalet i kommunen har gått ned mykje i løpet av 20 år og kommunen må ha fokus på tiltak og vekst for å stabilisere og auke folketalet. Dette er også hovudårsaka til at rådmannen har prioritert næringskoordinator i heile perioden.

Det er viktig at kommunen er meir aktiv i forhold til sine eigne unge innbyggjarar for å marknadsføre kommunen som ein attraktiv og framtidig arbeids- og bukommune. Vi må vidare fornye profileringa av kommunen og gjere oss meir synlege overfor dei mange hyttefolka som gjestar kommunen vår.

6.1.7 Leggjje til rette for friviljug innsats som supplement til det offentlege hjelpeapparatet

Det friviljuge arbeidet i Vågå står sterkt. Friviljugsentralen gjer ein formidabel jobb og det er mange eldsjeler som engasjerer seg i arbeidet. Vi har eit bra forsprang på mange kommunar og det er viktig at vi greier å engasjere både gamal og ung i dette arbeidet vidare framover.

Det friviljuge arbeidet vil stå enda meir sentralt i framtida. Utfordringane framover vil i større grad handle om aksept for at dei friviljuge i større grad går inn på arenaer som i dag er forventa løyst av kommunen. For å få til dette så handlar det om haldningsendringar og godt samarbeid.

6.1.8 Gje tydeleg og rett informasjon ut til kommunen sine innbyggjarar

Informasjon om kommunen sine tenester skal vere lett tilgjengeleg for brukarane. Kommunen sin heimeside er hovudkanalen for utadretta informasjon, og skal vere lett å finne fram i. Alle tenestemråde skal sjå til at informasjon om tenester, priser, skjema, telefonnummer og opningstider skal vere korrekt til ei kvar tid. Forventningane til dei kommunale tenestene er på fleire område høgare enn det som er mogleg å innfri. Tydeleg informasjon kan vere med på å justere forventningane.

Digitalisering av tenester blir stadig viktigare og vil auke sterkt i åra som kjem. Innbyggjarane og andre brukarar av kommunale tenester har aukande forventningar om å kunne løyse oppgåver elektronisk og utanfor normal opningstid i kommunen. Det er vedteke ein regional digitaliseringsstrategi for 2017–2020 (kommunestyresak 65/17).

Kommunen må og styrke informasjonsarbeidet overfor reiseliv og turistar. Turisttrafikken har hatt kraftig vekst dei seinare åra, og stadig fleire bruker meir tid i vår kommune, noko som utgjer ein stor verdi for kommunen.

6.1.9 Regionalt samarbeid

I vår region er det etablert samarbeid på mange viktige område. Dette arbeidet må vidareutviklast. Det er ingen tvil om at samarbeidsområde som vi har i dag har vore enda dyrare om kvar kommune skulle gjeve dette tilbodet. I tillegg sikrar vi større fagmiljø, betre stabilitet og kontinuitet for innbyggjarane våre. Vågå kommune er i prosess når det gjelder samarbeid innan NAV, brann, ei utviding av samarbeidet innan landbruk, samt sal av tenester innan kart og oppmåling. Lista med aktuelle tenestemråde å samarbeide om er lang. Vi nemner mellom anna:

- Korttidsplassar
- Avlastingsbustad for born
- Psykisk helse og rus
- Tildeling og vederlagsberekning
- Løn og rekneskap
- Sentralbord
- Fakturamottak/skanning
- Kultur
- Tekniske tenester

6.1.10 Fokus på nærværarbeid

Vågå kommune har fokus på nærværarbeid og gruppa for nærværarbeid (samarbeid administrasjon og NAV arbeidslivssenter) held fram.

Eit sentralt punkt i dette arbeidet er å gjere oss meir fleksible og flinke til å leggje til rette for arbeidstakarar som i ei tidsavgrensa periode har redusert arbeidsevne. Samarbeidet med fastlegane må vidareutviklast og styrkast. Nærværarbeid skal vere tema på personalmøte.

I målekarta til kvar einskild tenestestad kjem ambisjonane om redusert sjukefråvær fram.

6.1.11 Rekruttere og behalde kompetanse

Kommunen må arbeide med vidareutvikling av kompetanseplanen slik at den gir betre oversikt over kompetansebehov for dei ulike tenesteområda. Planen vil da kunne vere ein viktig og god reiskap i rekrutteringsarbeidet. Å vere aktiv i kampen om arbeidskraft vil bli meir og meir viktig. For å kunne behalde kompetente medarbeidarar (yngre og eldre) er det naudsynt med økonomiske middel/tiltak til fagleg oppdatering og utvikling gjennom kurs og seminar, stipendordningar (til grunnutdanning og vidareutdanning).

Å synleggjere kommunesektoren sitt mangfald av stillingar og interessante arbeidsoppgåver for eigne ungdomar blir viktig slik dei kan ta det med i vurdering av yrkesval og utdanning.

Regjeringa si satsing, Kompetanseløftet 2020 innan helse og omsorg, har medført tilpassa utdanningar for personar i arbeid og tilskotsordningar. Dette har ikkje Vågå kommune nytta i stor nok grad og vi må ha eit større fokus på dette i perioden 2018–2020. Eit stor utfordring for Vågå kommune er å sikre rekruttering og tilstrekkeleg kompetanse innan helse og omsorgstenestene. Dette må vere ein del av revidert kommunedelplan for helse og omsorg.

7. Resultat og kvalitetsmål

Vågå kommune står framfor store utfordringar. Det er i ein slik situasjonen spesielt viktig å gjere val som sikrar at kommunen har fokus på dei rette sakene og at tenestene blir gjeve på ein brukarvennleg og effektiv måte. Med dette som bakgrunn har Vågå kommune bestemt seg for å bruke Balansert Målstyring (BMS) for å ha fokus på fleire ting i resultatvurderinga enn økonomi. Kompleks kommunal tenesteyting sett spesielle krav til styringssystemet. Vågå kommune starta opp med eit styringssystem i 2008. Det vart utarbeidd mål for tenestene og det vart gjennomført medarbeidarundersøkingar. I det store og heile har det vore brukt målekart på overordna nivå og ikkje så mykje knytt opp mot kvar teneste. Fleire har jobba aktivt med målekart, medan andre ikkje har vore delaktig i dette arbeidet.

Balansert Målstyring er ein mykje brukt modell for verksemdstyring som blir brukt av omkring 50 % av alle større private og offentlege verksemdar i Europa og USA. Balansert Målstyring er ei metode for utvikling, kommunikasjon, visualisering og oppfølging av strategiar, mål og resultat.

Metoden hjelper organisasjonen å fokusere på dei viktigaste måleindikatorane:

- Medarbeidarar/menneskelege ressursar
- Interne rutinar/læring/fornyning/utvikling
- Økonomi
- Brukarar
- Samfunnet

Kvar tenestestad ha eit målekart og viser korleis dei skal måle ynskja resultat.

I datafangsten vil vi bruke Bedrekommune.no, samt tal frå GSI, IPLOS, Skuleporten og Kostra.

Det er viktig å ha med seg at dette ikkje er eit heilskapleg styringssystem som inkluderer kommuneplan, kommunedelplanar o.l., men er eit system som er knytt rigid mot tenesteyting, medarbeidarar, brukarar og økonomi.

7.1 Måleområde

For at eit styringssystem skal fungere, må arbeidet kjennast meningsfylt og det kan ikkje vere for arbeidskrevjande. Av den grunn har vi vald ut tre område, sjølv om vi har ambisjonar om å utvide det noko. Men i fyrste omgang er det viktig å få med seg alle tenestestadane.

1. Brukarperspektivet–opplevd og målt kvalitet
2. Medarbeidarperspektivet–opplevd og målt kvalitet
3. Økonomi–målt kvalitet

7.2 Overordna styringskart for tenestestadane

7.2.1 Sentraladministrasjonen

| MÅLEOMRÅDE | Mål 2017 | Mål 2018 | Mål 2019 | Mål 2020 |
|--|----------|----------|----------|----------|
| Netto auke folketal i % | 0,1 % | 0,1 % | 0,1 % | 0,1 % |
| Busetnad av flyktningar | 10 | 10 | 10 | 10 |
| Arbeidsløyse i % | <2,8% | < 2,8 % | < 2,7 % | < 2,6 % |
| | | | | |
| Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter | 1,75 % | 1,75 % | 1,75 % | 1,75 % |
| Disposisjonsfond i % av sum driftsinntekter | 8 % | 9 % | 10 % | 12 % |
| (FM si tilråding er 8 %) | | | | |
| Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter | <81% | <81% | <81% | <81% |
| | | | | |
| Avvik i samband med statlege tilsyn | <2 | 0 | 0 | 0 |
| Resultat for brukar | 4,5 | 4,5 | 4,5 | 4,5 |
| Tilfredsheit med informasjon | 4,5 | 4,5 | 4,5 | 4,5 |
| | | | | |
| Fråvær i % – kommunen i heilskap | <5,8% | <5,7% | <5,6% | <5,4% |
| | | | | |
| Netto arbeidsplassar | +3 | +4 | +4 | +5 |
| Auke i besøksturisme | +5% | +5% | +5% | +5% |
| Kultur–rangering på kommunebarometeret | >60 | >50 | >30 | >20 |
| Nye ladestasjonar i Vågå | 1 | 1 | 1 | 1 |

7.2.2 Fellestenester

| MÅLEOMRÅDE | Resultat | MÅL | |
|--|----------|------|---------|
| BRUKARPERSPEKTIVET | 2017 | 2018 | 2019–21 |
| 1. I kva grad er du fornøgd med skranketenesta i Servicekontoret? | – | 5 | 5 |
| 2. I kva grad er du fornøgd med informasjonen på kommunen sin heimeside? | – | 5 | 5 |
| 3. Oppetida på IKT-systemene skal vere minst I tråd med driftsavtale dvs.*) | 99,7 | 99,7 | 99,7 |
| MEDARBEIDARPERSPEKTIVET | | | |
| 1. Nærvær i % | 96,9 | 97 | 97 |
| 2. Er du fornøgd med standarden på arbeidslokalene? | 4,4 | 5 | 5 |
| 3. I kva grad trur du brukarane er tilfredse med tenestene arbeidsplassen din yter? | 4,7 | 5 | 5,2 |
| 4. I kva grad opplever du at din næraste leiar gjev deg melding på den jobben du gjer? | 4,4 | 4,5 | 5 |
| ØKONOMI | | | |
| 1. Prosentvis avvik mellom budsjett og rekneskap | – | 0 | 0 |

7.2.3 Barnehage

| MÅLEOMRÅDE | STATUS | MÅL | |
|--|--------|------|---------|
| BRUKARPERSPEKTIVET | 2017 | 2018 | 2019–21 |
| Trivsel for 4 og 5 åringane- barneintervju – kor mange oppgjer at dei har minst ein venn | Alle | Alle | Alle |
| Foreldre si oppfatning av barn sin trivsel | | 5,0 | |
| Foreldre si oppleving av å bli møtt med respekt | | 5,0 | |
| Foreldre si heilskapsvurdering av barnehagen | | 5,0 | |
| MEDARBEIDARPERSPEKTIVET | | | |
| Nærvær på arbeidsplassen | 86,6 % | 95 % | 96 % |
| Samarbeid og trivsel med kollegaer | 5,0 | 5,2 | 5,2 |
| Fagleg og personleg utvikling | 4,6 | 4,7 | 4,7 |
| Stoltheit over eigen arbeidsplass | 4,9 | 5,3 | 5,3 |
| ØKONOMI | | | |
| Ingen avvik i negativ retning | | 0 | 0 |

7.2.4 Grunnskule

| MÅLEOMRÅDE | STATUS | MÅL | |
|---|--------|------|---------|
| BRUKARPERSPEKTIVET | 2017 | 2018 | 2019–21 |
| Opplevd kvalitet: Elevundersøkinga | | | |
| 1. Motivasjon | | 4,2 | 4,2 |
| 2. Læringskultur | | 4,2 | 4,2 |
| 3. Trivsel | | 4,2 | 4,2 |
| Foreldreundersøkinga | | | |
| 4. Glede heim-skule | | 5 | 5 |
| Målt kvalitet: 5. Fylkessnittet nasjonale prøver | | | |
| MEDARBEIDARPERSPEKTIVET | | | |
| 1. Nærvær i % | | 95 | 96 |
| 2. Samarbeid og trivsel på arbeidsplassen | 5,3 | 5,3 | 5,3 |
| 3. I kva grad trur du brukarane er tilfredse med tenestene arbeidsplassen din yter? | 4,7 | 4,8 | 5,0 |
| 4. Glede med nærmaste leiar | 5,2 | 5,2 | 5,2 |
| ØKONOMI | | | |
| 1. Ikkje avvik i negativ retning | | 0 | 0 |

7.2.5 Kultur

| MÅLEOMRÅDE | STATUS | MÅL |
|---|----------|----------|
| BRUKARPERSPEKTIVET | 2017 | 2019–21 |
| Totalt utlån v/ Vågå bibliotek skal vera på gjennomsnittet for Oppland | 21000 | 21000 |
| Andel elevar som får eit kulturskuletilbod | | |
| Minimum konsertar/lokal produksjonar/populære/framande uttrykk | 10/4/4/2 | 10/4/4/2 |
| Minimum kinokveldar med ein vaksen og ein barnefilm | 34 | 34 |
| Minst % av elevane skal ha nådd nivå A2 på avsluttande norsksprøve skriftleg og munnleg | 70 % | 70 % |
| Talet på kveldar med ungdomsklubb i året | 35 | 35 |
| Medarbeidarperspektivet | | |
| 1. Nærvær i % | | |
| 2. Er du fornøgd med standarden på arbeidslokalen | 4,5 | 4,9 |
| 3. I kva grad trur du brukarane er tilfreds med tenestene arbeidsplassen din yter? | 4,5 | 4,8 |
| 4. I kva grad opplever du at din næraste leiar gjev deg melding på jobben du gjer? | 4,5 | 4,8 |
| Økonomi | | |
| Prosentvis avvik mellom budsjett og rekneskap | 0 | 0 |

7.2.6 Helsetenester

| MÅLEOMRÅDE | STATUS | MÅL | |
|--|----------|-------|---------|
| Medarbeidarperspektivet | 2017 | 2018 | 2019–21 |
| Samarbeid og trivsel på arbeidsplassen | 5,3 | 5,0 | 5,0 |
| Sjukefråvær | Årsmeld. | <3,0% | <2,7% |
| Økonomi | | | |
| Prosentviki avvik mellom budsjett og rekneskap | | 0 | 0 |

7.2.7 Tenester for funksjonshemma (TFFH)

| MÅLEOMRÅDE | STATUS | MÅL | |
|--|----------|--------|----------|
| BRUKARPERSPEKTIVET | 2017 | 2018 | 2019–21 |
| Fråvær av tvang* | 94 % | 94 % | 94 % |
| Talet på brukarar som oppnår avklarte mål** | Årsmeld. | 80 % | 85-94% |
| Registrerte avvik ift. lovmessige krav | Årsmeld. | 0 | 0 |
| Brukarmedverknad | 3,8 | 4,2 | 4,5 |
| Individuell plan | 4,5 | 4,6 | 4,7 |
| Respektfull behandling | 4,9 | 4,9 | 5,0 |
| MEDARBEIDARPERSPEKTIVET | | | |
| 1. Nærvær i % | 87,7 % | 92,5 % | 93- 94 % |
| 2. Er du fornøgd med standarden på arbeidslokale | 4,2 | 4,5 | 5,0 |
| 3. I kva grad trur du brukarane er tilfreds med tenestene arbeidsplassen din yter? | 4,9 | 4,9 | 4,9 |
| 4. I kva grad opplever du at din næraste leiar gjev deg melding på jobben du gjer? | 4,0 | 4,4 | 4,6 |
| ØKONOMI | | | |
| Prosentvis avvik mellom budsjett og rekneskap | Årsmeld. | 0 | 0 |

*Fråvær av tvang blir utrekna slik: talet på tvangsvedtak delt på talet på bebruarar.

**Talet på brukarar som oppnår avklarte mål: blir rapportert i årsmelding. Talet på mål oppnådd delt på talet på mål sett i Individuell plan, forholdsmessig vurdert for alle brukarane.

7.2.8 Heimetenesta

| MÅLEOMRÅDE | STATUS | MÅL | |
|--|----------|--------|----------|
| BRUKARPERSPEKTIVET | 2017 | 2018 | 2019–21 |
| Registrerte avvik ift. lovmessige krav | Årsmeld. | 1 | 0 |
| Brukarmedverknad | 5,1 | 4,5 | 4,7–5,1 |
| Respektfull behandling | 5,1 | 4,5 | 4,7–5,1 |
| MEDARBEIDARPERSPEKTIVET | | | |
| 1. Nærvær i % | 91,7 % | 92,5 % | 93- 94 % |
| 2. Er du fornøgd med standarden på arbeidslokalene | 4,9 | 5,0 | 5,0 |
| 3. I kva grad trur du brukarane er tilfreds med tenestene arbeidsplassen din yter? | 5,2 | 5,2 | 5,3 |
| 4. I kva grad opplever du at din næraste leiar gjev deg melding på jobben du gjer? | 47 | 4,9 | 4,9 |
| ØKONOMI | | | |
| Prosentvis avvik mellom budsjett og rekneskap | Årsmeld. | 0 | 0 |

7.2.9 Vågåheimen

| MÅLEOMRÅDE | STATUS | MÅL | |
|---|----------|------|---------|
| BRUKARPERSPEKTIVET | 2017 | 2018 | 2019–21 |
| Trivsel | * | 4,0 | 4,0 |
| Ernæring | * | 4,0 | 4,0 |
| MEDARBEIDARPERSPEKTIVET | | | |
| 1. Nærvær i % | Årsmeld. | 94 % | 94 % |
| 2. Samarbeid og trivsel med kollegaer | 5,0 | 5,0 | 5,0 |
| ØKONOMI | | | |
| Prosentvis avvik mellom budsjett og rekneskap | Årsmeld. | 0 | 0 |

*Vågåheimen skal gjennomføre brukarundersøking første halvdel av 2018.

7.2.10 NAV

| MÅLEOMRÅDE | | | | | | | |
|-----------------------|---|-----------|---------------|-------|--------------|-------------|------|
| BRUKARPERSPEKTIVET | | | | | | | |
| ID | Namn | Prioritet | Siste periode | | | Hittil i år | |
| | | | Verkeleg | Mål | Førre måling | Snitt/Sum | Mål |
| B. 12 | Andel arbeidssøkere / brukarar med nedsett arbeidsevne med oppfølging siste 3 md. | Middels | 0 % | 100 % | #I/T | 100 % | 78 % |
| B. 14 | Andel graderte på 12 ukers tidspunkt | Middels | 0 % | 31 % | 20 % | 19 % | 19 % |
| B. 15 | Andel arbeidssøkere med overgang til arbeid | Middels | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % |
| B. 16 | Andel personar med nedsett arbeidsevne med overgang til arbeid | Middels | 0 % | 90 % | 95 % | 93 % | 90 % |

| | | | | | | | |
|--------------------------------|---|---------|--------|-----------|--------|--------|------------|
| B. 22 | Andel verksemder som har fått arbeidsmarknadsbistand frå NAV | Middels | 0,0 % | 28,4 % | 6,7 % | 17,5 % | 22,6 % |
| B. 23 | Antall formidlingar | Middels | 0,0 | 1,0 | #I/T | 1,0 | 0,8 |
| B. 40 | Andel "Kontakt bruker" behandla innan fristen | Middels | 0 % | 0 % | 80 % | 40 % | 57 % |
| B. 50 | Andel gjennomførte dialogmøte 2 innan 26 veker (berre sykmeldte utan fritak) | Middels | 0 % | Verkeleg | Mål | Førre | Snitt/sum |
| B. 53 | Andel arbeidssøkere med jobbmatch | Middels | 0 % | 25 % | 48 % | 67 % | 52 % |
| B. 76 | Andel med nedsett arbeidsevne 20–29 år med spesielt tilpasset innsatsbehov med godkjent plan | Middels | 0 % | 100 % | #I/T | 100 % | 78 % |
| B. 101 | Andel som har mottatt økonomisk sosialhjelp | Middels | 0,0 % | 90,6 % | 85,0 % | 83,3 % | 90,5 % |
| B. 102 | Andel som er langtidsmottakere med økonomisk sosialhjelp som viktigaste kjelde til livsopphald | Middels | 0,0 % | 0,0 % | #I/T | 0,0 % | 33,3 % |
| B. 103 | Andel unge som har mottatt økonomisk sosialhjelp | Middels | 0,0 % | 19,6 % | 30,0 % | 18,6 % | 20,5 % |
| B. 104 | Andel mottakarar av økonomisk sosialhjelp med forsørgingsplikt for barn under 18 år i husholdningen | Middels | 0 % | 67 % | 48 % | 60 % | 59 % |
| B. 151 | Antall deltakarar i kvalifiseringsprogram | Middels | 0 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| MEDARBEIDARPERSPEKTIVET | | | | | | | |
| M. 1 | Sykefravær for statleg tilsette (sum av legemeldt og egenmeldt fravær) (1 månad på etterskot) | Middels | 28,4 % | 6,7 % | 17,5 % | 22,6 % | 6,7 % |
| ØKONOMI | | | | | | | |
| Ø. 1 | Faktisk forbruk hittil i år i % av budsjett hittil i år (Driftsøkonomi) | Middels | 89,8 % | 95,0-100% | 92,7 % | 89,8 % | 95,0-100 % |

7.2.11 Tekniske Tenester

| MÅLEOMRÅDE | STATUS | MÅL | |
|---|--------|-------|---------|
| BRUKARPERSPEKTIVET | 2017 | 2018 | 2019–21 |
| Vassprøvene skal vise tilfredsstillande resultat for alle vassverk når det gjeld e.colibakterier, fargetal og PH. | 100 % | 100 % | 100 % |
